

## Forord

### Fogaberg – Fagaberg – Fåberg:

Det er dette bygdanamnet historikaren professor Oluf Rygh tolkar slik:

”Navnet er utvivlsomt opr. Gaardnavn og tilhører den nuv. Præstegaard, paa hvis Grund Hovedkirken staar. Det kan være tvivlsomt, om den opr. Form er Fagaberg, hvoraf da den nuv. Form maatte være opstaaet ved Lige-dannelsesændring, eller Fågaberg. For det sidste taler sterkt, at Formen Fogaberg findes allerede i Begyndelsen af 14de Aarh. Maaske Sammenhæng med f å g å , rense, pudse, gjøre blank. Der kan neppe paavises noget andet Navn, som med nogen Sikkerhed kunde antages beslægtet. – ”

Som innlandsbygda Fåberg låg til ved nordenden av Mjøsa og mynnet av Gudbrandsdalen, virka ho sikkert innbydande både på veidemann og fiskar, på bureisar og ferdmann. Ein merker deg og at alt i sagaene er bygda kring nord-enden av Mjøsa nemnt som ein sentral og velkjend stad.

Grensene mellom bygder og bygdelag festna seg etter kvart ved samvær og samvirke. Om dette fortel tydeleg ei sak frå år 1305, der det er fortalt at Saxe Toresson og Petær Torgeirsson vitna at dei var ved Halvardzs Kirkiu i Oslo da Gurid Jons Dottr gav Andres Haraldsson ”sit Ombod, at sælge hvad hun eiede i Øystaste gardenom i Hlid, som ligger i Bløykina Sogn i Foldabu”.

Mange, mange år seinare var det i 1795-96 ei stor grensesak mellom Biri og Fåberg. I samband med denne saka er det vidare opplyst at desse menn og/eller kvinner da var gardbrukarar i Fåberg: Even Gilleberg, Ole Larsen Overen, Jan Fryjordet, Ole Hattestad, Christopher Døsen, Peder Kindlien, Peder Aspaasen, Ole Ødegaarden, Christen Ødegaarden, Erik Dalby, Ole Dalby, Bent Hovland, Lars og Christen Nygaard, Syver Sæter, Lars Rusten, Lars øvre Myhren, Arne nedre Myhren, Peder og Erik Ulleland, Lars Ormerud, Christen Rindal, Elling søndre Berg, Ole nordre Berg, Ole Lundgaard, Hans Roland, Jens Arlien, Peder Kokslie, Ole Blegen, Ole Fløgstad, Ole Simenrud, Ole Jungerud, Jørstad, Ole Jørstad, Holm Jørstad, Erik Opjordet, Fredrik Kasterud, Halvor søndre Lien, Jacob Kolleberg, Amund Tråset, så og som eier av Kval: Iver Tråset, Christen Ravnum, Christen Ravneberg, Jacob Restad, Iver Gutue, Ole lille Ravnum, enken Guri Våttestad, Ole Bratberg, Erik Mælum (Midthaugen), Niels Furue, Amund Øre, Christen Vingnes, Amund Bolleng, Amund og Peder Haav, enken Marte Rønne med laugverge lensmand Nielsen, som forpakter av grd. Rønne: sergeant Torgersen og Christen Storsveen.

Da grensene var fastlagde, var Fåberg omgitt av: Nordre Land, Vestre Gausdal, Østre Gausdal, Øyer, Ringsaker og Biri bygder, og sjølv hadde Fåberg bygd eit flatemål på 477 km<sup>2</sup>.

Grendnamnet i Vingrom i Fåberg må tidleg ha vorte brukt og etterkvart kjent. I erkebisp Aslak Bolts jordebok frå kring år 1450 finn ein det såleis i ei overskrift skrive: ”Vingrem i Gudbrandzdalom”. I lista over dei gardar og gardpartar som d a og d e r låg til erkebispesettet, finn ein elles nemnt både Bulung, Hov og Boro, Ovren, Døsen og Hattestad. Det eine med det andre viser at det ”Vingrem” det her gjeld, heilt visst var Vingrom i Fåberg. –

År 1601 finn ein vidare fortalt at Fåberg da var delt i 5 bygdelag, nemleg

- a. Vingerums bygdelag
- b. Stranden bygdelag
- c. Rødsgards bygdelag
- d. Backe bygdelag
- e. Aall bygdelag.

Her er det og god grunn til å nemne to gamle gardar som tidleg kom til å stå i ei særklasse for seg. Det var garden "Lille Hamar" i Fåberg nemnt i Håkon Håkonssons saga i 1205, og garden Vingnes i Fåberg, som er nemnt i fleire (ialt 5) pergamentbrev frå 1300-talet. – Sams for desse gardane, Lillehammer og Vingnes, var m.a. at dei båe vart tidleg utbygde til herberge, så dei kunne ta imot ferdmenn og hermenn også til overnatting. Vidare låg båe desse gardane ved "Faaberg nedre Sund", Lillehammer på østsida av sundet, og Vingnes på vestsida av sundet. "Faaberg øvre Sund" var ved Sundgaarden i Hovegrenda.

Av 24. April 1765 er eit brev frå da fungerande foged Joh. Ad. Pram til hr. Amtmanden om utlikninga og innkrevinga av ekstraskatten av 1765. – Brevet som gir mange interessante opplysningar om tilhøva i Fåberg i den tid, har elles denne ordlyden:

"Høiædle og Velbaarne  
Hr. OberstLt.  
Høigunstige Hr. Amtmand;

Fra Sognepræsten i Faaberg er allerede tilkommet mig det nye Extra-skatte-mandtall, følgelig Forordningen af 2den Febr. i dette Aar, hvorefter i samme Sogn findes i aldt 1856 Skattskyldige Pesoner. De 1634 deraf ere paa Odels og de 222 paa Bygsel-Gaarde, som fornemmelig er Geistligheden beneficerede. Derunder findes 251 fattige paa Odels Gaardene annoterede., og under de andre 32, tilsammen 283 Personer, hvis Contingent skal lignedes paa de meere formaaende.

Jeg skulle formoede at Deres Velbrhd gunstigt approberer, at udi Ligningen derover, skal alle Bønderne gaae i lige Concours, efter eenhvers Formue og Omstændigheder, heldst siiden Forskiellen paa Selv-Ejerne med de Fattige, som Dem vedkommer, og Bygsel-Bønderne med Fattige Underhavende, er her saa godt som indtet at regne, efter Proportionen; Ligesaavel som alle andre Bøigde-Anstalter af Skyds-Færd, Kirke-Kjøb, Fattig- og Skoele-Væsen, med viidere haver stædse været, og er som Fællesskab, uden Forskiell. – Af forrige Aars Skatte-Mandtaller, har jeg ickun faae Stæds kundet uddtrage hvem eegentlig de fattige vare, hvorfor jeg ej heller har kundet forfatte nogen accurat Ligning derover; Men samme er beroet paa Dere Velbrhds Ordre og Giensvar til hvad jeg derom har insinueret under 26 Desbr. i afvigte Aar, hvilket jeg endnu ydmygst forventer. –

Ellers, da Sommer-Tingene tilstunde, da saavel den 1ste Qvartal efter denne, som Restancerne efter forrige Skatte-Forordning ere forfaldne til Betaling, og Oppebørsels Mandtallerne med Beregningerne for eenhver Man bør til samme Tiid være frdige og forfattede; Saa haver jeg med hosgaaende Repartition for Faaberg Præstegield villet dydydmygst proponere, hvorledes jeg mener at Ligningen billigst og forsvarligst kunde skee, og paa hvilken Maade jeg formoeder at de fleste af Almuen vil blive at fornøje. Jeg vil haabe, at samme er nogenleedes rigtig og i Proportion af eenhvers Omstændigheder; men jeg har dog agtet det fornøden, førend Oppebørselen angaar paa Tingene, at tage til mig Lensmanden, med nogle af de fornuftigste og paaliideligste Sognemænd (siden det vel neppe kand være mueligt for Deres Velbrhd at komme Selv dertil) i hvert Præstegield, og med Dennem afhandle nøyere, om der udi mine forud forfattede ad interim-Repartitioner for hvert Sogn nogen Forandring med Rætt

og Billighed kand utfordres. Thi haver Jeg ydmygst at tilbeede mig fra Deres Velbrhd tilbagesendt bemældte Repartition for Faaberg Præstegjeld med påtegning og Approbation: At Jeg paa samme Maade, som best og forsvarligst, maa i de andre Sogner, med de fornøftigste Sogne-Mænd afhandle Ligningen; Eller om det kunde skee inden Tingene, i heele Almuens Overværelse af Sorenskriveren og Laugrettet ligesom det efter Berættning, er tilgaaet ved Extra Skatte-Ligning i forrige tider. –

I dette, neml. Faaberg Sogn er ellers ingen andre, end Bønder og Gaardbrugere, næst Præsten Velærverdige Hr. Ole Irgens, og den beskikkede Land-Kræmmer Holm Gulliksen Jørstad, Klockeren Eric Christophersen, som kunde komme Almuen til Hielp efter Forordningen; Thi vel er der een Svensk Kobberslager nemlig Jonas Elg og Valentin Caspersen forrige Land-kræmmer ved Lillehammer; men nu boende paa een Huusmands Plads derunder, forgieldet og i den usleste Tilstand, samt een Feldbereeder navnl. Ole, fød i Issland og Husmand under Lillehammer. Men om Præsten skal svare for fleere end de 3, hos Hannem Selv sig opholdende fattige, og om Land-Kræmmeren som er Gieldbunden, icke skal undgaae med at betale for fleere end 4re af de fattige, som for Hans Gaard Søndre Jørstad er Ham paalignet, ligesom og Klockeren som er paalignet 2de for Hans påboende Gaard Skindstakrud, og om icke de andre, som neppe ere goede for at betale for sig Selv, maa for andet Paalæg være befriede. Det henstilles udi Deres Velbrdh eeget gunstige Behag. Ellers er og under Lillehammer afgagne Captne Cramers Encke Frue og Datter som ere meget fattige og have indtet at subsistere ved, og dog icke derfor af Præsten anførte; Skulle Deres Velbrdh synas at hand neml. Præsten bør paalægges meere, da synes mig, det maatte være for Dennem.

Endnu er her ingen bleven exequeret, endskjønt de modvillige Betaleres Antall blive jo fleere og fleere, i Særdeleshed af Huusmænd, og de endskjønt kand betale; Thi afvartes tillige Deres Velbrhds Ordre til Execution paa alle de, som icke iblandt de fattige ere i Præstemandstallerne anførte, hvortil jeg saameget meere er anleediget, saasom Bønderne selv have forlanget Execution, paa det de mange Selvraadige Huusmænd, som rotte sig sammen, med Forbud, at intet for Dennem maa betales, icke skal faae Overhaand. Ogsaa nogle af Soldaterne, især de som have været Commanderede have offentlig paa Tinget sagt, at de betale intet uden de see Ordres fra Deres Cheffs. Saa er jeg endog allerydmygst anmodende om Deres Velbrhds Assistance ej alleene til at saadan Ordre kand komme, men endog, at paa Tingene og med Oppebørselen maatte komme militair, Vagt og Assistance til Skræmsel for de, som herefter opføre sig saa rude som man tilforn har været nød til at taale, især i de Nordalske Sogner. At Præsterne maatte blive beordrede til at bivære Skatte-Oppbørselen for at assistere og forklare samt forsvare Deres Mandtaller imod alle de Invectiver og Indsiigelser som skeer derimod, Derom har jeg tilforn ydmygst givet mig den Frihed at tilmelde Deres Velbrhd, hvorpaa utbeedes gunstig Giensvar. Ved Ligningen kunde vel og Deres nærværelse være fornøden; Thi det slaer icke feil, at jo Bønderne vil paastaae, at mange som i Mandtallerne ere anatte for fattige skal kunde betale, og at mange som virkelig kand betale vil derimod paastaae Stød iblandt de fattige. – Med allerstørste Respect og Høiagtning er jeg altid forblivende

Høiædle og Velbaarne  
Hr. OberstLt.  
Høigunstige Hr. Amtmands

Rolstad

underdanige Tjener

den 28. April 1764.

Joh. Ad. Pram. ”

Som Fåberg geografisk ligg til, høver den blide, men og ronglette bygda godt til samlingsstad ved militære mønstringar og øvingar. Her var og fleire naturlege flate og store sandmoar, som kunne høve godt som militære ekserserplassar og øvingsplassar for mellomstore avdelingar. Etter kvart vart og fleire av sandmoane nytta på denne måten:

I ein rapport frå år 1756 er det såleis fortalt at det den 20. juli samme året skulle vera mønstring av det "Nordre Hedemarkske Drakonkompagni" ved Lillehammer, og at dei ekserserplassane som dei der disponerte var "Ertzgaardssletten +) og Onsummoen" Tjugeto år seinere ville i 1778 kommanderande general prins Karl av Heesen inspisere "Det 3die søndenfjeldske Dragonregiment", og i samband med mønstringa finn ein desse opplysningane, som skal vera skrive av Generalmajor Zepelin: "Hvad Stederne for Inspektionen angaar, saa ansees det bekvemmeste at være: for de Nordre Hedemarkske Kompagnier: Ertsgaardmoen +) ved Lillehammer, saafremt ellers det i dette Companis Districk værende fatale Sund i Faaberg, hvilket ofte om Sommeren er hele 10-22 Dage aldeles inpassabelt – tillader Compagniet at samles paa forhen bestevnte Tid." +) Blant bygdefolket også kalla Busmoen.

"Faaberg fatale Sund" hadde elles også eit anna lyte enn at det kunne vera sterk strøm der ei tid av sommaren: Her kunne framleis så mang ei trist drukningsulykke hende, ikkje minst under hestetransport på ferje.

Av ei liste over "Exercerpladse i det "Oplandske Dragonregiments Distrikt 1787" går det tydeleg fram at "Onsummoen i Faaberg" også da var ekserserplass og øvingsplass for dragonane. Men da herstelltet så etterkvart vart nyordna, vart dragonane skifta ut, og ein fekk i staden Jørstadmoen og infanteristane. Dei yter nå, som det skal vera, både ein verdfull militær og kulturell innsats.

Den første heilt pålitelege folketellinga i bygdene våre var i år 1801, og det budde da 3645 menneske i Fåberg. Manntalsfører ved denne tellinga var soknepresten, A. Broch, og han har sjølv med si gode handskrift underskrive manntalet slik:

Summa Sumarum 3645.

At denne Optegnelse er forfattet efter nøye Undersøgelse vedgaaer

A. Broch

Av dei mange interessante opplysningar som ein vil finne i dette manntalet, tek vi her elles med at det var 6 skoleholdere i Fåberg, og dei var: 1. Ole Olsen på Børke, som var son til føderådsmann Ole Nilsen og hustru Martha Eriksdr., også på Børke, 2. Ole Christensen på Gustum, 34 år, husmann på Gaustumshaugen, gift med Eli Christensdr., 3. Lars Jensen Gruven, 48 år, eigar og brukar av Gruven, gift med Berthe Olsdr. Gaustum, 4. Hans Christensen, ved Jørstad, Marienborg, skoleholder og husmann, 1 son: Christen Hanssen, 19 år, 5. Christen Bjørnsgaard, Skinstakrud, 50 år, klokkar, skulehaldar og gardbrukar, 50 år, gift med Berthe Vingnes, 48 år; dotter: Alethe, 13 år, 6. Lars Larsen, skoleholder og husmann, 40 år, på Sorgendal, gift med Kari Olsdr., 46 år, 5 born i alderen frå 15 til 4 år.

År 1865 var det atter folketelling, og folketalet i Fåberg var da 6334 menneske; men ved tellinga i 1875 hadde folketalet gått tilbake til 5663 menneske og i 1900 vidare tilbake til 5237 menneske. Grunnen til dette var den store utvandringa til Amerika i desse 10-åra.

Berre frå Lillehammer Landsogn utvandra det såleis i denne tid frå 1879 til 1898 ialt 289 menneske, og av desse var det 19 familiar med barn. Det var såleis da t.d. Mathias Olsen Knuterud og hustru Randine Olsdtr. utvandra i 1879, og det er vidare opplyst at Mathias var fødd i 1853 og Randine i 1857. Same året utvandra og skreddarsvend Ole Pedersen Lunde og kona hans Mari Nilsdtr. og sonen Sigurd August. Det er vidare opplyst at same året, altså i 1879, utvandra og Andreas Pedersen v/Holme med hustru og 3 born. Inderst Kristian Kristensen med hustru Kristine Johansdtr. og borna: Johanna, Klara og Johan reiste i 1880, og året etter utvandra Ole Ingebretsten Skaarset med hustru Karen og 4 born. To år seinare utvandra i 1883 Christoffer Mælum og hustru også med 4 born, og i 1886 utvandra gardkone Karen Dagsveen dit over med dei 3 borna sine: Agnete, Iver og Martinius. Men dei fleste av utvandrarane ver likevel ugifte ungdomar, både gutar og jenter. I 1893 utvandra såleis; Gina Andreasdtr. på Storberget, f. 1874, Kristian Olsen v/Lunde, f. 1871 og Ingeborg Andreasdtr. f. 1874.

Dei var som ein ser alle kring 80 år, og desse 3 reiste truleg og i følgje.

A.H.